

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF  
**DATO:** 05.08.2019  
**SAKSHANDSAMAR:** Hans Kristian Stenby  
**SAKA GJELD:** **Konseptrapport vaskehall og sterilsentral - Helse Bergen**

**ARKIVSAK:** 2019/7785  
**STYRESAK:** **091/19**

**STYREMØTE:** **05.09. 2019**

.....

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret godkjenner konseptrapport for etablering av ny sentral vaskehall og sterilsentral på Haukeland universitetssjukehus som grunnlag for prosjektering og vidare utgreiing.

I det vidare arbeidet må Helse Bergen nærare utgreie og gjere greie for:

- driftsmessige konsekvensar og gevinstar av ein sentralisert løysing for reingjering og sterilisering av medisinsk gjenbruksutstyr kor vaskehall og sterilsentral er samlokalisert
- korleis det er lagt til rette for vidare utvikling av heile sterilforsyningskjeda i sjukehuset inkludert lagerhald og sentral pakking

## Oppsummering

Helse Bergen har vurdert ny og framtidig organisering og lokalisering av vask og sterilisering av medisinsk gjenbruksutstyr.

Dagens desentrale løysing for reingjering og desinfeksjon av utstyr blir føreslått erstatta av ein sentral vaskehall. Samstundes blir det føreslått at dagens sterilsentral blir samlokalisert med vaskehallen. Dette er funksjonar som heng tett saman.

Det er rådd til at eit eldre bygg mellom Sentralblokka og Gamle hovudbygg blir reve og erstatta med eit nytt med plass til både vaskehall og sterilsentral og noko tilleggsareal.

Bygget har ei sentral plassering på sjukehusområdet og kan knytast saman med Sentralblokka.

Kostnadane er rekna til 300 mill. kr inkludert avsetting for usikkerheit.


Det er venta at ei samling av funksjonane vil gi både økonomiske og kvalitetsmessige gevinstar. Dette vil bli nærare greia ut i det vidare arbeidet.

## Fakta

Reingjering, desinfeksjon og sterilisering av medisinsk gjenbruksutstyr er ei sentral oppgåve i eit sjukehus m.a. for å unngå overføring av smitte mellom pasientar.

Det inneber at medisinsk gjenbruksutstyr blir frakta frå avdeling/operasjon til vask og reingjering og vidare til sterilisering før det kjem tilbake til avdelingane som nyttar det igjen.

Det er illustrert ved teikninga under:



I sjukehus er dette organisert på ulike måtar.

På Haukeland universitetssjukehus skjer vask desentralt ved ei mengd instrumentvaskemaskinar.

Ulike problem og utfordringar knytt til dagens drift er bakgrunn for at Helse Bergen tok initiativ til ei samla vurdering av heile den kjeda frå bruk av utstyr til gjenbruk. Det er peika på at dagens sterilsentral er for liten og krev meir areal. Det skyldast både utstyrmengd, type utstyr og krav til sterilitet.

Dagens løysing med desentral reingjering krev m.a. at mange må ha opplæring, ein omfattande maskinpark som skal kontrollerast og validerast og krev mye areal ulike stader i sjukehuset.

Analysar som er utført viser at ein samling av funksjonane som også tek høgde for auka aktivitet framover, vil vere vesentleg rimelegare.

Helse Bergen har på denne bakgrunn fått utarbeidd ein konseptrapport for ei mogeleg samling av funksjonane – ein ny felles vaskehall som også inneheld sterilsentral.

I konseptrapporten er det også tatt høgde for ei utvikling kor utstyr til ulike operasjonsprosedyrar blir pakka sentralt (Case cart).

Styret i Helse Bergen behandla konseptrapporten i møte 26.06.19, styresak 61/19 A. Styret fatta følgjande vedtak:

Styret godkjenner konseptrapport for etablering av ny vaskesentral som og skal innehalde areal for sterilsentral.

Konseptrapporten blir her lagt fram for styret i Helse Vest RHF.

## **Kommentarar**

### **1. Alternative løysingar**

Dagens løysing for reingjering av gjenbruksutstyr og instrument er krevjande. Det er om lag 145 instrumentvaskemaskinar som blir betjent av operasjonssjukepleiarar og anna personell.

I dag kan desse i stor grad erstattast med mykje rimeligare maskinar som vil gi langt lågare kostnadar til service og særleg validering.

Ved ei sentralisering av reingjeringa kan maskinparken også reduserast og færre treng opplæring. Funksjonen vil bli ivareteke av eige personell. Det vil avlasta operasjonssjukepleiarar og andre som får meir kapasitet til andre oppgåver. Det vil også frigjere areal lokalt knytt til operasjonseiningar og andre kliniske einingar.

Eit anna moment er at dagens løysing med mange instrumentvaskemaskinar rundt om i sjukehuset gjer det vanskelig å halde oversikt over utstyret. Det å kunne spore og følge bruken av eit instrument vil vere viktig.

Når det gjeld sterilsentral er det vist til behov for auka areal og betre lokale m.a. knytt til støy og arbeidsmiljø.

Det er gjort vurdering av alternative løysingar. Det er mogeleg å utvide dagens sentral ved å ta i bruk tilgrensande lokale og tomt.

I ei vurdering av utviding av dagens lokale kontra nytt bygg gjekk styret i Helse Bergen inn for å bygge nytt på «Siporextomta».

Alternativa som blei vurdert på «Siporextomta var full utnytting og innreiing, berre vaskehall og sterilsentral og berre vaskehall.

Det blei tilrådd full innreiing m.a. fordi forskjellen i byggekostnadar ved ikkje å innreie alt areal med ein gong er små.

I val av samla løysing er et lagt vekt på at samlokalisering av vaskehall og sterilsentral gir fleire driftsmessige fordelar. Det er som vist ovanfor funksjonar som heng tett saman.

Noverande lokale for sterilsentralen vil kunne nyttast til annan verksemd.

Eit anna moment i vurderinga er om sterilt utstyr, både eingongsutstyr og gjenbruksutstyr, knytt til bestemte operative prosedyrar i større grad kan ferdigpakkast i ei sentral eining (Case cart). Det vil vere ei framtidig løysing som må vurderast nærare. Det vil frigjere plass i den sentrale operasjonseininga. Saman med fjerning av instrumentvaskemaskinane legg det til rette for naudsynt modernisering av den sentrale operasjonseininga.

### **Dimensjonering/arealbehov**

Det er gjort ei vurdering av kor mange instrumentvaskemaskinar det er behov for og tilhøyrande areal. Det er då også tatt høgde for at talet på pasientar og operative inngrep vil auke, jf. utviklingsplanen for Helse Bergen.

Det er tilsvarande gjort vurdering av framtidig arealbehov for sterilsentralen.

Det er vurdert behov for netto om lag 3.000 kvm. Med gang, logistikkareal, tekniske rom osv er bruttoarealet i overkant av 5.000 kvm. Brutto/netto faktoren er vurdert til 1,7.

### **Lokalisering**

Med ei samlokalisering av vaskehall og sterilsentral har Helse Bergen berre sett ei aktuell tomt. Det gjeld eit bygg som i dag rommar få og dårlege kontorarbeidsplassar og som har vore på lista over bygg som skal rivast. Bygget ligg mellom sentralblokk og Gamle hovedbygg og er kalla «Siporexbygget». Bygget må rivast for å gi plass til eit nytt og større bygg.

Eit nytt bygg på tomta vil kunne romme 5.390 kvm BRA. Det er tilstrekkeleg for vaskehall og sterilsentral samt noko reserveareal som ikkje blir innreia i denne omgang.

Det er vurdert som viktig å nytte tomta maksimalt når ein først bygger nytt på ei så sentral tomt i sjukehuset.

### **Kostnadar**

Det er vurdert kostnadar for bygging av vaskehall og sterilsentral og la resten vere råbygg eller full utbygging.

Ved full utbygging vil kostnadane auke frå 265 mill. kr til 284 mill. kr.

Byggkostnadane for ei samla løysing er vurdert til 300 mill. kr. Det er då sett av 16 mill. kr for usikkerheit. Det er grunn til å vente at usikkerheit i prosjektet kan reduserast gjennom forprosjektet.

Kostnad pr kvm er om lag kr 53 000.

Det er grunn til å anta at ei samla løysing for vask, dekontaminering og steriltforsyning kan driftast vesentleg rimeligare enn dagens løysing med ein desentral løysing for instrumentvask.

Kostnadane vil vere knytt til personell og dagleg drift men også vere avhengig av krav som framover vil bli stilt til vask og sterilforsyning. Det gjeld også til service, testing/validering av maskinane for å sikre at dei held krava til reinheit.

Dette er ikkje tilstrekkeleg vurdert i konseptrapporten. Det må såleis bli nærare vurdert i samband med vidare prosjektering.

## **Konklusjon**

Det er grunn til å vente at ei sentral løysing for vask av gjenbruksinstrument og samlokalisering vaskehall og sterilsentralen vil gi grunnlag for betre kvalitet og logistikk i heile sterilforsyningskjeda.

Når det gjeld val om tomt/lokalisering er alternativa få. Den valde tomta står fram som et godt alternativ. Den har ei sentral plassering og kan enkelt knytast saman med Sentralblokka. Eksisterande bygg på tomta har lita bruksverdi.

Det er rimeleg at tomta blir nytta fullt ut når nytt bygg blir reist her.

Det er venta at ei samla løysing vil gi lågare driftskostnadar. Helse Bergen må likevel her gjere ei nærare vurdering av driftskostnadane i samband med prosjektering.

Helse Bergen må i det vidare arbeidet også ta nærare stilling til framtidige løysingar for sterilforsyningskjeda og korleis det blir lagt til rette for dei val som blir gjort.

## Vedlegg

### 1 Konseptrapport sterilsentral og vaskehall